



Dette er stridens eple - campingvognane langs elva (Foto; Ola Matti Mathisen)

Då forvaltningskomiteen handsama reguleringsplanen for turistanlegga i Uskedalen onsdag gjekk 7 inn for godkjenning og 2 var i mot. Dei 2 var Øyvind Utne frå Høgre og Steinar Kleven frå Innbyggjarpartiet.

Denne langdryge saka blir no enda meir langdryg ettersom ho vil bli sendt til departementet for endeleg avgjerd. Det skjer fordi partane står fast på sine standpunkt:

Kommunen opprettheld campingområde C3 langs elva og Fylkesmannen opprettheld motsegn mot dette. Dermed kan kommunen ikkje eigengodkjenne planen.

Før det kan setjast igang tiltak etter den nye planen, må Rabben og Øyro gjennomføra ei vurdering av flaumfaren i området. Det skal fastsetjast kvar det er fare for 200-årsflaum. Planen må eventuelt endrast i samsvar med resultatet av analysen.

Fylkesmannen har no sendt ut eit referat frå meklingsmøtet i slutten av februar, som ikkje førte fram. Der peika kommunen på at det omstridte området på odden er kunstig oppbygd og at detv på sjølve odden ikkje er mykje å ta vare på, som verksemdsleiar Tormod Fossheim uttrykte det.

Reguleringa har heller ikkje stor verknad på det biologiske mangfaldet og kommunen viser til at camparane har ei spesiell interesse i å ta vare på området. Fossheim meinte at publikum ikkje kjende seg ubekvenne i bruken og at campingvogner ikkje i seg sjølv er særleg privatiserande.

Egil Hauge frå Fylkesmannen sa at saka gjeld det biologiske mangfaldet. Historisk er elva ei svært god fiskeelv og sjølv om deen kan vera forureina, skal den flyte fritt. Det er også eit problem at kantvegetasjoen no er kutta. Omsynet til det biologiske mangfaldet står veldig sterkt i elvedeltaet.

Hauge streka under at dette er eit friområde og ikkje eit

fellesområde for camparane. Også omsynet til landskapet har stor vekt. Kontruksjonar der bidreg til å ta bort preget av elvedelta. Derfor er det viktig å behalda arealføremålet friområde.

Av Ola Matti Mathisen